

## Adresseliste

Vår dato: **24 AUG 2011**  
Vår ref.: NVE 201103823-3 kv/rast

Arkiv: 312/074.CZ

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:  
Ragnhild Stokker  
22 95 93 02

## Høyring av søknad om endring av manøvreringsreglement for Holsbruvatn

Vi viser til vedlagte søknad av 10. august 2011.

I 2001 fekk Hydro Aluminium AS konsesjon til å bygge Nye Tyin kraftverk i Årdalsvassdraget i Sogn og Fjordane. Som ein del av denne konsesjonen vart det gjeve løyve til å regulere Holsbruvatn ved 1 m senking i høve til normal vasstand i dag, samt å pumpe vatnet frå Holsbruvatn inn på tillaupstunnelen til det nye kraftverket.

I 2005 vart det søkt om ei planendring, som gjekk ut på at vatnet frå Holsbruvatn, saman med nokre nye bekkeinntak, i staden skulle leiaast inn på eksisterande tillaupstunnel til Gamle Tyin kraftverk og at ein dermed skulle oppretthalde drift i to av dei seks turbinane i dette kraftverket. Holsbruvatn skulle då fungere som inntaksmagasin, stadig med 1 m reguleringshøgde. Men Hydro planla å heve både HRV og LRV med 0,5 m i høve til konsesjonen frå 2001. I planendringssøknaden vart kotehøgdene for planlagt HRV og LRV omtala, men det vart ikkje nemnt at desse høgdene var endra frå det som det vart gjeve konsesjon til i 2001. Det vart heller ikkje gjort nokre vurderingar av verknadene av å heve Holsbruvatn med 0,5 m.

Planane om å heve Holsbruvatn med 0,5 m vart dessverre ikkje fanga opp gjennom sakshandsaminga av planendringssøknaden. Resultatet vart at det vart gjeve løyve til planendringa i 2008, men med dei same kotehøgdene for HRV og LRV som i konsesjonen frå 2001.

Hydro oppdaga heller ikkje sjølv at HRV og LRV vart ståande med dei opphavlege kotehøgdene før bygginga av nytt inntak skulle starte no i 2011. Dersom Hydro skal kunne gjennomføre reguleringa av Holsbruvatn slik dei har planlagt heile tida, må reguleringshøgdene formelt justerast gjennom ein ny konsesjon. Som omtalt ovanfor er det tidlegare ikkje gjort nokre vurderingar av verknadene av å heve vasstanden i Holsbruvatn med 0,5 m. Dette er bakgrunnen for vedlagte søknad.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Dette brevet vert sendt på høyring til dei som hadde merknader til planendringssøknaden, samt hytteigarar som er nemnt av Hydro. Vi ber dykk som får dette brevet om å seie ifrå dersom de meiner det er andre som bør gjerast spesielt merksam på søknaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Søknaden er tilgjengeleg på NVE sin internettseite: [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft). De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Knut Solnordal på e-post [Knut.Solnordal@hydro.com](mailto:Knut.Solnordal@hydro.com) eller tlf. 22 53 93 76.

Søknaden vert elles kunngjort av NVE i lokale aviser. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Vi ber Årdal kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg gjennomsyn på biblioteket i Øvre Årdal og rådhuset i Årdalstangen fram til **30. september 2011**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt låna ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft), til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **30. september 2011**.

Vi vil til slutt presisere at sjølve utbyggingssaka er endeleg avgjort. Holsbruvatn vil i alle høve verte inntaksmagasin for fortsett drift i gamle Tyin kraftverk, eller Holsbru kraftverk som det vert kalla. Det som skal vurderast no er om det kan gjevest løyve til at vasstanden i Holsbruvatn vert heva med 0,5 m i forhold til i dag.

Med helsing

Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef

Ragnhild Stokker  
Ragnhild Stokker  
senioringeniør

Kopi

u/vedlegg: Norsk Hydro ASA, Postboks 980 Skøyen, 0240 OSLO

Vedlegg: Søknad jf. adresseliste  
Kopi av kunngjøring



**Adresseliste for:** Søknad om endring av manøvreringsreglement for Holsbruvatn

**Handsamast etter:** Vassdragsreguleringslova

**Vert kunngjort av NVE ved Mediaedge sia Norway AS 2 gonger i:** Sogn Avis

Antall søknader	Navn/adresse
5	Årdal kommune, Postboks 40, 6881 ÅRDALSTANGEN
	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Postboks 14, 6801 FØRDE
	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
	Årdal JFF, Utlastova Hjelle, 6884 ØVRE ÅRDAL
	Torolf Norheim, Ulvahaugen 13, 6856 SOWNDAL
	Tor Ole Norheim, Ankerveien 5, 4056 TANANGER
2	Internt: KM v/RHO, KD v/OMIN